

Selskap under stifting

SAMARBEIDSAVTALE

FOR

VESTLAND REVISJON

KOMMUNALE OPPGÅVEFELLESKAP

(forkorta til Vestland Revisjon KO)

Revisjonseininga er stifta med heimel i Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 25. september 1992, nr. 107, med seinare endringar; § 27, og hensyneteke ordlyden i ny kommunelov Kap. 19, § 19-1, om Kommunalt oppgåvefelleskap, og Kap. 25 om Revisjon

Samarbeidsavtalen må vedtakast av samtlege deltakarkommunar sine kommunestyre/bystyre; og fellesnemndene for kommunesamanslåingane, som inngår i revisjonssamarbeidet. Alle med likelydande saksutgreiing og vedtak om godkjenning av samarbeidsavtala.

INNHALDSOVERSIKT

INNHALDSOVERSIKT.....	2
§ 1 OM REVISJONSSAMARBEIDET	3
§ 2 OPPDATERING AV SAMARBEIDSAVTALA	3
§ 3 FORRETNINGSADRESSE, HOVUDKONTOR	3
§ 4 FØREMÅL OG VERKSEMD.....	3
§ 5 DELTAKARAR, ANSVARSDDEL OG INNSKOTSPLIKT.....	4
§ 6 ORGANISERING AV REVISJONSSAMARBEIDET	4
§ 7 REPRESENTANTSKAPET (EIGARORGAN)	5
§ 8 REPRESENTANTSKAPET SINE ANSVAR OG OPPGÅVER.....	5
§ 9 STYRET.....	6
§ 10 STYRET SINE ANSVAR OG OPPGÅVER	6
§ 11 DAGLEG LEIAR SITT ANSVAR OG OPPGÅVER.....	7
§ 12 TILVISING/REVISJON MV.....	7
§ 13 DELTAKARANSVAR.....	8
§ 14 BRUK AV ÅRSOVERSKOT, DEKNING AV ÅRSUNDERSKOT.....	8
§ 15 ENDRING AV SAMARBEIDSAVTALA.....	9
§ 16 NYE DELTAKARAR	9
§ 17 UTTREDEN FRÅ SAMARBEIDET	9
§ 18 OPPLØYSING AV SAMARBEIDET.....	10
§ 19 TVISTEMÅL/TVISTELØYSING.....	10
§ 20 MEIROFFENTLEGHEIT OG OPENHEIT	10
§ 21 IKRAFTSETTING.....	10

§ 1 OM REVISJONSSAMARBEIDET

Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefelleskap er oppretta med heimel i kommunelova § 27; jfr. ny kommunelov § 19-1.

Samarbeidsavtala er fastsett med utgangspunkt i kommuneloven § 27 (ny kommunelov § 19-1) om interkommunalt samarbeid, jfr. også kommunelova sine reglar om revisjon.

Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefelleskap er eit eige rettssubjekt. Styret har arbeidsgjevaransvaret.

§ 2 OPPDATERING AV SAMARBEIDSAVTALA

Denne samarbeidsavtala (vedtektene) vil bli endra for å samsvare med ny kommunelov kapittel 19 om «kommunalt oppgåvefelleskap» innanfor dei fristar og overgangsreglar som vert gjeldande etter ny kommunelov kapittel 31.

§ 3 FORRETNINGSADRESSE, HOVUDKONTOR

Forretningsadresse og hovudkontor skal vere i **Førde**.

Oppgåvesamarbeidet skal bygge vidare på dagens struktur. Det betyr at dagens desentraliserte kontorstruktur med nærleik til kommunane skal vidareførast.

§ 4 FØREMÅL OG VERKSEMD

Revisjonssamarbeidet har som føremål å utføre revisjon i, og ha tilsyn med, deltakande kommunar, fylkeskommunar, og kommunale/interkommunale føretak etter kommunelova og tilhøyrande forskrifter og regelverk om revisjon.

Deltakar i revisjonssamarbeidet er ikkje ope for andre enn kommunar og fylkeskommunar.

Revisjonssamarbeidet kan ta på seg revisjon av kommunar, kommunale, fylkeskommunale og interkommunale verksemdar og føretak, og elles oppgåver/oppdrag som lovverket til eikvar tid ikkje er til hinder for.

Revisjonssamarbeidet skal fremme kommunane sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i samarbeidet, samstundes som samarbeidet er forplikta til å dekke kommunane sine behov for revisjonstenester. Kommunane er forplikta til å kjøpe sine revisjonstenester av samarbeidet.

Revisjonssamarbeidet kan selje tenester til andre så lenge den totale delen av denne omsetnaden er innanfor grensene til gjeldande reglar for utvida eigenregi, jf. lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Revisjonssamarbeidet kan ikkje vere eigar eller deltakar i andre verksemdar som kan kome i konkurranse med revisjonssamarbeidet sitt føremål.

§ 5 DELTAKARAR, ANSVARSDEL OG INNSKOTSPLIKT

Revisjonssamarbeidet omfattar følgjande deltakarkommunar:

<u>Deltakarkommunar:</u>	<u>Kom.nr.:</u>	<u>Org.nr:</u>	<u>Adresse:</u>
Askvoll kommune	4645	964 968 330	6980 Askvoll
Bremanger kommune	4648	959 318 166	6723 Svelgen
Fjaler kommune	4646	864 968 422	6923 Dale i Sfj.
Gloppen kommune	4650	964 969 124	6863 Sandane
Gulen kommune	4635	938 497 524	5966 Eivindvik
Hyllestad kommune	4637	964 967 547	6957 Hyllestad
Høyanger kommune	4638	944 439 838	6993 Høyanger
Kinn kommune	4602	820 956 532	6900 Florø
Luster kommune	4644	964 968 241	6868 Gaupne
Sogndal kommune	4640	922 121 893	5856 Sogndal
Solund kommune	4636	964 967 458	5824 Hardbakke
Stad kommune	4649	921 060 157	6770 Nordfjordeid
Stryn kommune	4651	963 989 202	6883 Stryn
Sunnfjord kommune	4647	921 244 207	6800 Førde
Vik kommune	4639	937 498 764	6893 Vik
Årdal kommune	4643	954 679 721	6885 Årdalstangen
<u>16 kommunar</u>			

Det er ikkje krav om eigenkapitalinnskot frå deltakarkommunane til revisjonssamarbeidet utover årlege revisjonshonorar. Revisjonshonorar blir fastsett i kvart årsbudsjett og betalast inn forskotsvis pr. kvartal. Honorar blir berekna ut frå ein fordelingsnøkkel som er basert på ein fastdel etter 20 % med lik fordeling, 20 % fordelt etter folketal, og ein variabel del på 60 % etter medgått tid.

Deltakarane sin ansvarsdel er lik deltakarandelen i revisjonssamarbeidet og er gjenspeila i vektinga av stemmene i representantskapet. Deltakardelen er rekna ut frå folketal slik det går fram av tabellen i § 7.

§ 6 ORGANISERING AV REVISJONSSAMARBEIDET

Samarbeidet har etablert tre organ til løysing av felles oppgåver

- Representantskapet
- Styret
- Dagleg leiar

§ 7 REPRESENTANTSKAPET (EIGARORGAN)

Representantskapet er selskapet sitt øvste mynde. Alle deltakarkommunar skal vere representert i representantskapet.

Representantskapet skal bestå av 16 representantar. Deltakarkommunane skal ha 1 representant kvar. Representantane sin stemmerett i representantskapsmøte er basert på kommunane sine folketal, slik:

<u>Innbyggjarar i kommunane:</u>	<u>Vekting av stemmene:</u>
< 5000 innbyggjarar	1
5001 – 10000 innb.	2
> 10000 innb.	3

Ein nyttar siste års oppdaterte folketal pr. 01.01. i Statistisk Sentralbyrå som grunnlagsdata for fordelinga. Det vert vist til §§ 5 og 13.

Møtande representantar/vararepresentantar kan stille med fullmakter for derved å også representere deltakarkommune som ikkje kan møte i møtet.

Representantane med personlege vararepresentantar blir valde av kvart kommunestyre/bystyre. Valet gjeld for kommunevalperioden, fire år. Den einskilde deltakarkommune kan sjølv når som helst ved nyval skifte ut dei representantane og vararepresentantane som deltakarkommunen sjølv har valt. Nye representantar og vararepresentantar blir då valde for resten av kommunevalperioden.

Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Dagleg leiar eller styremedlemmar i samarbeidet kan ikkje vere medlem av representantskapet.

§ 8 REPRESENTANTSKAPET SINE ANSVAR OG OPPGÅVER

Leiaren i representantskapet kallar inn til møte i representantskapet. Innkallinga sendast 14 dagar før møtet skal haldast. Innkallinga skal ha ei sakliste.

Leiaren i representantskapet leier møta. Har leiaren forfall, eller er leiar ugild i ei einskild sak, vert møtet leia av nestleiar. Dersom nestleiar ikkje er til stades, vel representantskapet med vanleg fleirtal ein møteleiar for høvet.

Desse sakene skal handsamast i ordinært representantskapsmøte:

- Økonomi- og handlingsplan (4-årig), etter framlegg frå styret
- Etter framlegg frå styret fastset og godkjenner representantskapet årsrekneskapen, og fordelinga av utgiftene på kommunane og øvrige oppdrag (kommunale føretak, særbedrifter, interkommunale samarbeid/selskap, fellesråd, stiftingar, legat, m.v.)
- Årsmelding, etter framlegg frå styret
- Medlemskap i KS Bedrift, Norges Kommunerevisorforbund, Kommunal Landspensjonskasse og medlemskap i andre samarbeidspartnarar

- Godtgjerdslerelement for representantane i representantskapet og styret
- Val av leiar og nestleiar i representantskapet
- Val av valnemnd
- Val av styre
- Val av styreleiar og nestleiar i styret.
- Styreleiar og nestleiar i styret vert valde for 2 år.

Det skal førast møtebok frå representantskapet sine møter. Møteboka skal underskrivast slik representantskapet gjer vedtak om. Utskrift av møteboka skal sendast representantane og vararepresentantane i representantskapet. Styret og deltakarkommunane skal ha møteutskrifter frå møteboka til representantskapet.

Ekstraordinært representantskapsmøte til handsaming av særskilde saker skal innkallast med 2 veker varsel når to styremedlemmar eller meir enn 1/3 av representantskapet sine medlemmar ber om det; eller om representantskapet sin leiar finn behov for det.

Dagleg leiar og styret sin leiar har møteplikt i representantskapet og alle styremedlemmar og dagleg leiar har møte og talerett.

Representantskapet er vedtaksført når minst halvparten av representantane (dei vekta stemmene) er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal tel leiaren si stemme dobbelt ved endeleg røysting. Ved val skjer endeleg avgjer i tilfelle ved loddtrekning.

§ 9 STYRET

Styret i samarbeidet består av 7 medlemmar med varamedlemmar i nummerrekkefølge. Styremedlemmar og varamedlemmar blir valde for 2 år om gongen.

6 styremedlemmar og 4 varamedlemmar veljast av representantskapet, og 1 representant med vararepresentant for dei tilsette veljast av og blant dei fast tilsette i revisjonssamarbeidet.

Ved førstegongs val av styret blir halvparten valde for 1 år.

Dagleg leiar eller medlem av representantskapet kan ikkje vere medlem av styret.

§ 10 STYRET SINE ANSVAR OG OPPGÅVER

Vestland Revisjon Kommunalt Oppgåvefelleskap blir leia av styret ut frå samarbeidsavtala og den til ei kvar tid gjeldande kommunelov med tilhøyrande forskrifter. Styret skal elles ivareta interessene til revisjonssamarbeidet og deltakarkommunane på best mogleg måte.

Styremøta blir leia av styreleiar. Han/ho kallar inn til styremøte med 7 dagar varsel. Styret gjer sine vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar stemme telje likt. Ved stemmelikheit tel møteleiar si stemme dobbelt.

Det skal førast møtebok frå styret sine møte. Møteboka skal underskrivast av styret sine medlemmar. Utskrift av møteboka skal sendast medlemmane og varamedlemmane i styret.

Leiaren i styret sender innkalling til møta i god tid, og han/ho leiar møta. Har leiaren forfall, eller er han/ho ugild i ei sak, blir møtet leia av nestleiar.

Styret tilset og seier opp dagleg leiar.

Styret vedtek instruks for styret sitt arbeid.

Styret fastset løn- og arbeidsvilkår for dagleg leiar.

Styret vedtek budsjett som skal sendast deltakarkommunane innan 01.11. året før komande budsjettår.

Styret har ikkje mynde til å ta opp lån, eller på annan måte pådra deltakarkommunane økonomiske forpliktingar utanfor det vedtekne årsbudsjett.

Styret skal sjå til at rekneskapen for revisjonssamarbeidet blir ført på tilfredsstillande vis og etter prinsippa for god kommunal rekneskapsskikk. Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter, samt bokføringslova sine reglar, er gjeldande for verksemda.

Revidert årsrekneskap, årsmelding og openheitsrapport skal handsamast av styret og representantskapet, for deretter å sendast til deltakarkommunane til orientering.

Kommunelova og tilhøyrande forskrifter sine fristar for å avlegge årsrekneskap og årsmelding gjeld.

§ 11 DAGLEG LEIAR SITT ANSVAR OG OPPGÅVER

Dagleg leiar administrerer verksemda og har ansvaret for at alle arbeidsoppgåver utførast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og reglar, og i samsvar med vedtak som er gjort av styret og representantskapet.

Dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av revisjonssamarbeidet, herunder personalansvar og budsjettansvar etter gjeldande retningslinjer. Saker som gjeld løn- og arbeidsvilkår for tilsette er dagleg leiar sitt ansvar. Dagleg leiar skal ivareta dei funksjonar som følgjer av arbeidsgjevaransvaret. Dagleg leiar rapporterer til representantskapet og styret slik som representantskapet bestemmer.

Dagleg leiar har sjølv, eller ved nokon i sin stad, møte-, tale- og forslagsrett i representantskapet og styret sine møter, dersom ikkje styret i einskildsaker vedtek at vedkomande ikkje skal kunne møte.

Dagleg leiar er sakshandsamar for representantskapet og styret si verksemd, og har ansvaret for at vedtak vert sett i verk. Dagleg leiar skal vere møtesekretær for møte i representantskapet og styret.

§ 12 TILVISING/REVISJON MV

Dagleg leiar tilviser verksemda sine utgifter, men kan delegere tilvisingsretten til andre tilsette. Tilvisingsretten gjeld ikkje utgifter som vedkjem dagleg leiar personleg, eller ved tvil om hans/hennar sin habilitet.

Utgifter som ikkje kan tilvisast av dagleg leiar, skal tilvisast av styreleiaren eller av nestleiar i styret, i styreleiaren sitt fråvær.

Samarbeidsavtalen kan supplerast med interne styringsdokument/reglement, økonomireglement og instruks for dagleg leiar.

§ 13 DELTAKARANSVAR

Den einskilde deltakar i eit kommunalt oppgåvefellesskap har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av oppgåvefellesskapet sine forplikingar. Her nyttar ein sist oppdaterte folketal i Statistisk Sentralbyrå som grunnlagsdata for fordelinga; jfr. § 7. Til saman utgjer det oppgåvefellesskapet sine samla forplikingar.

Oppgåvefellesskapet sine kreditorar må først gjere sine krav gjeldande mot oppgåvefellesskapet. Dersom kreditor ikkje får dekkra kravet sitt innan 14 dagar rekna frå dato for påkrav, kan kreditor krevje den einskilde deltakar for sin del av forplikinga. Ein deltakar som heilt eller delvis har dekkra sin del av ei fordring på oppgåvefellesskapet, kan straks krevje tilbakebetalt utlegget sitt frå oppgåvefellesskapet.

Ein deltakar som trer ut av oppgåvefellesskapet, held fram med å ha økonomisk ansvar for sin andel av dei forplikingane som oppgåvefellesskapet har på det tidspunktet deltakaren trer ut. Det same gjeld dersom oppgåvefellesskapet blir oppløyst. Det blir vist til nærare bestemmelsar om dette i §§ 17 og 18.

§ 14 BRUK AV ÅRSOVERSKOT, DEKNING AV ÅRSUNDERSKOT

Revisjonssamarbeidet skal driftast etter sjølvkostprinsippet, vere budsjettkopla, non-profit-basert og politisk styrt. Overskot skal som hovudregel bli i verksemda og kome deltakarkommunane til gode gjennom gode og effektive revisjonstenester.

Avgjerd om bruk av årsoverskot blir gjort av representantskapet etter framlegg frå styret. Representantskapet kan sjølv bestemme bruken innafor følgjande rammer:

- Godskriving/avsetning til revisjonssamarbeidet sin eigenkapital
- Attendebetaling til deltakarkommunane basert på avrekning etter den forholdsmessige deltakar sin del i revisjonssamarbeidet.

Det er ikkje høve til å bruke årsoverskot til å byggje opp kapitalkonti (fondsmidlar) for einskilde deltakarkommunar i revisjonssamarbeidet.

Avgjerd om dekning av årsunderskot treffast av representantskapet etter framlegg frå styret. Årsunderskot skal fortrinnsvis dekkast av tidlegare års avsette kapital. Om slik ikkje finnast kan representantskapet gjere vedtak innanfor følgjande rammer:

- Innarbeide inndekning i framtidige årsbudsjett
- Føreta etterrekning overfor deltakarkommunane basert på forholdsmessige deltakarandelar i revisjonssamarbeidet.

§ 15 ENDRING AV SAMARBEIDSAVTALA

Det einskilde kommunestyre i alle deltakarkommunane skal sjølv vedta samarbeidsavtala og endringar i avtala dersom dei gjeld nokon av dei punkta som er nemnde nedanfor:

- a) oppgåvefellesskapet sitt namn
- b) om oppgåvefellesskapet er eit eige rettssubjekt
- c) kor mange medlemmar den einskilde deltakar skal ha i representantskapet
- d) kva oppgåver og kva mynde som er lagt til oppgåvefellesskapet
- e) deltakarane sin innskotsplikt og plikt til å yte andre bidrag til oppgåvefellesskapet
- f) den einskilde deltakar sin eigardel i oppgåvefellesskapet og deltakaren sin ansvarsdel for fellesskapet sine forpliktingar dersom ansvarsdelen avviker frå eigardelen
- g) om oppgåvefellesskapet skal ha mynde til å ta opp lån
- h) kva oppgåvefellesskapet skal rapportere til deltakarane om
- i) korleis deltakarane kan tre ut av oppgåvefellesskapet
- j) korleis oppgåvefellesskapet skal oppløysast; mellom anna kven som skal ha ansvaret for at oppgåvefellesskapet sitt arkiv blir oppbevart etter at oppgåvefellesskapet er oppløyst.

Representantskapet vedtek sjølv endringar i dei delane av samarbeidsavtala som gjeld andre forhold enn dei som er nemnde ovanfor. Slike endringar vedtakast med tilslutning av minst 2/3 av dei avgjevne stemmene dersom ikkje noko anna er fastsett i samarbeidsavtala.

§ 16 NYE DELTAKARAR

Representantskapet kan ta avgjerd om andre kommunar skal kunne takast opp i samarbeidet. Opptak av nye deltakarkommunar må skje frå eit årsskifte, og representantskapet skal i slike høve vurdere behovet for justering av samarbeidsavtala med omsyn til representantskapet si samansetning og stemmerett, mv., samt bruk av fullmakter.

Ved inntak av nye deltakarar skal årsbudsjettet om nødvendig justerast, og eventuelt ta opp i seg nødvendige vurderingar og justeringar av ressursbehov, honorarstorleikar, m.v. for deltakar-kommunane.

Ved opptak av nye deltakarkommunar skal samarbeidsavtala justerast og endrast i tråd med ny deltakarstruktur, der §§ 5 og 7 blir korrigert tilsvarande. Endring av samarbeidsavtala må til handsaming av alle kommunestyra/bystyra, med likelydande sakshandsaming og likelydande vedtak kring samarbeidsavtala sin ordlyd.

§ 17 UTTREDEN FRÅ SAMARBEIDET

Ved etableringa av det interkommunale samarbeidet om revisjonstenestene har samarbeidet ei rammeavtale med deltakarkommunane som inneber ei varigheit på 4 år, gjeldande frå 01.01.2020 med 12 månader oppseingstid.

Etter denne bindingsperioden kan utmelding av revisjonssamarbeidet skje med eit års varsel. Utmeldinga skal vere skriftleg og byggje på politisk vedtak i vedkomande kommunestyre eller bystyre, og elles vere i tråd med gjeldande reglar i kommunelova.

Ved endring i eigarstrukturen skal det skje ei utrekning av pensjonsforpliktinga ved opphøyr pr. dato. Den som trer ut av samarbeidet må innbetale sin del av revisjonssamarbeidet si samla pensjonsforplikting (eingongspremie). Aktuarberekninga frå Kommunal Landspensjonskasse på tidspunktet for uttrede vert lagt til grunn for innbetalingsbeløpet sin storleik.

Ved uttrede av deltakarkommunar skal samarbeidsavtala justerast og endrast i tråd med ny deltakarstruktur, der §§ 5 og 7 blir korrigert tilsvarande. Endring av samarbeidsavtala må opp til handsaming i alle kommunestyra/bystyra, med likelydande saksframstilling og vedtak kring samarbeidsavtala sin ordlyd.

§ 18 OPPLØYSING AV SAMARBEIDET

Revisjonssamarbeidet sine deltakarkommunar har rett til å få utbetalt sine forholdsmessige andelar i verksemda dersom det er midlar i revisjonssamarbeidet etter at det har dekkja sine forpliktingar. Deltakarkommunane har ikkje krav på å få utbetalt renter på denne kapitalen.

Gjenverande midlar utover dette skal tilfalla dei som er deltakarkommunar på oppløysingstidspunktet. Fordelinga av midlane skal skje på grunnlag av kommunane sine deltakardelar nemnde i §§ 5 og 7.

§ 19 TVISTEMÅL/TVISTELØYSING

Eventuelle tvistar i samband med det økonomiske oppgjeret etter uttrede og oppløysing, blir å avgjere ved voldgift, om ikkje noko anna løysing følgjer av lov eller forskrift.

§ 20 MEIROFFENTLEGHEIT OG OPENHEIT

Offentleglova (lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd) gjeld for revisjonssamarbeidet si verksemd og samarbeidet sine styrande organ. Av dette følgjer at møteplan og saksdokument til samarbeidet sine styrande organ skal vere ope og tilgjengelege, mellom anna gjennom revisjonssamarbeidet sine nettsider.

§ 21 IKRAFTSETTING

Denne samarbeidsavtala trer i kraft så snart den er vedteken av alle deltakarkommunane sine kommunestyre/bystyre.

Revisjonssamarbeidet skal vere operativt frå og med 01.01.2020.